# Nynorsken har ikkje skulda

## SPRÅKSTRID

**Kristin Fridtun**
Leiar av Studentmållaget i Nidaros

Studentmållaget i Nidaros kjem her med eit svar på innlegget «Oppgåver på båe målformer?» (Under Dusken, nr. 9, 2008) skrive av Alex Hansen. Me kjenner godt til den stoda norske forskarar og universitetstilsette er i og treng ikkje noka innføring i henne. Norsk fagterminologi er mange stader komen i bakevja, og ved høgare utdanningsinstitusjonar er engelsken eit røynleg trugsmål for det norske språket. Det er likevel ikkje so at me vil fjerna engelsken frå NTNU eller hindra forskarar og studentar frå å nytta nye fagtermar og vera del av eit internasjonalt forskingsmiljø. Langt derifrå. Men å gje nynorsken skulda for at engelsken togar seg inn på norske universitet – ja, det er heilt utan rot i røynda!

På grunn av den norske målstoda har Noreg fleire målmedvitne folk enn mange andre land. Dei to skriftspråka eller mållova i seg sjølv kan ikkje gjera den norske motstanden veikare. Det er språkbrukarane som har ansvar for språket sitt og bruken av det. Undersøkingar viser at bokmålsbrukarar går lettare over til engelsk enn nynorskfolk. Me kjenner til masterstudentar som på liv og daude skal skriva oppgåva si på engelsk, endå dei knappast meistrar språket. Nynorskingar strir ofte for målet sitt og tek det ikkje for ei sjølvfylgje. Det skulle vel tala beint imot påstanden om at nynorsken har skulda for engelskflaumen? Og kvar kjem det ifrå at norsk er eit «utydelig» språk?!

> So lenge ein student kan registrera seg som nynorskbrukar på studweb eller andre stader, so er det ventande at oppgåvene kjem i rett målform.

NTNU er eit universitet med studentar frå heile verda, men det er òg eit universitet med studentar frå heile Noreg. Mange studentar og tilsette kjem dimed frå nynorske kjerneområde og har hatt nynorsk som hovudmål sidan fyrste dag på skulen. Det handlar ikkje om å «foretrekke» nynorsk, men å ha nynorsk som det primære skriftmålet sitt. Er det meir «naturlig» for dei å nytta bokmål enn det er for bokmålsbrukarar å nytta nynorsk? NTNU er ein statleg institusjon, og det forpliktar. Me tykkjer NTNU skal gje eksamensoppgåvene på norsk so langt det rekk, men sjølvsagt lyt ein gjera unnatak no og då. Det er meir å vinna enn å tapa på å setja om (sume) fagomgrep til norsk.

Å nytta fagord er ikkje det same som å forstå dei, og målet er vel auka kunnskap? Studentmållaget i Nidaros har laga og sel ordlister med fagomgrep frå ymse fag, og studentane som har arbeidt med å omsetja frå engelsk til norsk har utan tvil fått eit godt tak på terminologien og dimed heile faget sitt.

Det verste med stoda på NTNU er at nokre tilsette brukar tid og krefter på å setja seg godt inn i mållova og finna ut korleis dei kan smyga seg unna føresegnene, til dømes ved å gje oppgåvene som vedlegg. Det er visstnok lovleg å gjera det som kostar minst møde og ignorera nynorsken. So lenge ein student kan registrera seg som nynorskbrukar på studweb eller andre stader, so er det ventande at oppgåvene kjem i rett målform. NTNU tykkjest ikkje bry seg om dette. Denne likesæla til lova vil me til livs. Eit universitet kan ikkje lata slik åtferd halda fram år etter år.

# Studentene krever 1000 nye studentboliger!

## STUDENTBOLIGER

**Marit Flinder Johannesen**
Leder av Velferdstinget
**Anne Karine Nymoen**
Leder av Studenttinget NTNU
**Pia Helen Bjørsvik**
Leder av Studentparlamentet HiST
**Johanne Rimul**
Leder av Studentrådet DMMH

Studenter over hele landet står i disse dager sammen om å kreve at den rød-grønne regjeringen innfrir løftene fra Soria Moria-erklæringen og bevilger midler til 1000 nye studentboliger i neste års statsbudsjett.

Under 15 prosent av studentene i Trondheim bor i studentboliger. Ser man bort fra de internasjonale studentene, som er garantert studentbolig når de kommer, er tallet enda lavere. Den lave dekningsgraden på studentboligene fører til ville tilstander på det private leiemarkedet og presser husleieprisene i været. Helse- og trivselsundersøkelsen som ble gjennomført blant Trondheims studenter i 2007, viste at studentenes økonomiske sårbarhet har økt siden 2004. 37 prosent av de som har svart på undersøkelsen, har opplevd problemer med å betale løpende regninger, og 54 prosent oppgir at de ville hatt problemer med å betale en uforutsett regning på 5000 kroner.

Å bygge studentboliger bidrar til å sikre studentenes økonomiske situasjon, ikke bare for de som er så heldige å få bo i studentboligene, men også for de som leier privat. Med god tilgang på studentboliger blir ikke presset i det private markedet like stort. Dermed virker studentboligene prisdempende på hele utleiemarkedet, noe som kommer alle studenter til gode.

På Norsk Studentunions landsting i april uttalte statsråd Tora Aasland, minister for forskning og høyere utdanning, at hun er studentenes minister. Med den rød-grønne regjeringens siste statsbudsjett før valget har hun sjansen til å bevise at hun er det. Vi vil se bevilgninger til 1000 nye studentboliger i neste års statsbudsjett!

# Still krav til foreleserne!

## STUDENTKVALITET

**Anne Karine Nymoen**
Leder av Studenttinget NTNU

NTNU har utviklet mange gode verktøy for å forbedre og kvalitetssikre undervisningen. Kvalitetssikringssystemet, med fokus på referansegrupper og tilbakemeldinger fra studentene, er et slikt verktøy. Et annet er elektroniske læringssystemer, hvor NTNU har valgt it's learning som sitt system.

Verken referansegruppesystemet eller it's learning fungerer i dag etter hensikten. Studieavdelingen må ta ansvar for å gi opplæring til de studentene som sitter i referansegruppene, slik at utbyttet for både faglærer og studenter blir størst mulig.

Studenttinget stiller krav om at foreleserne våre faktisk benytter seg av disse verktøyene og at det skal få konsekvenser dersom de ikke gjør det. Rapportene fra referansegruppene skal følges opp.

De ansatte må pålegges å bruke it's learning og de skal få opplæring i å bruke det.

**Send inn leserbrev til meninger@underdusken.no**